



**Utvalg:** Fakultetsstyret ved Det juridiske fakultet  
**Sak:** 102/23  
**Møtedato:** 7.11.2023  
**Journalnummer:** 2023/1803

---

**Tilgjengeleggjering av fullførte doktorgradsavhandlingar ved Det juridiske fakultet**

---

Ph.d.-kandidatar ved UiB kan ved fullført doktorgradsløp velje kor vidt avhandlinga skal gjerast tilgjengeleg i Universitetet i Bergen sitt opne forskingsarkiv BORA. Til skilnad frå praksis ved andre fakultet, er det ved Det juridiske fakultet ingen tradisjon for å akseptere slik tilgjengeleggjering av avhandlinga. Eit fleirtal av kandidatane ved vårt fakultet har ambisjonar om å gi ut avhandlinga i bokformat på eit forlag. Fleire gjer også dette, men ikkje alle. Avhandlingar som verken er lagt ut i BORA eller publisert gjennom eit forlag er svært lite tilgjengelege for interesserte leesarar. Med tanke på det grundige forskingsarbeidet som ligg bak, og det viktige bidraget til forskingsfeltet doktorgradsavhandlingar gir, ynskjer fakultetet at alle doktorgradsavhandlingar skal bli offentleg tilgjengelege enten i digital versjon eller publisert utgåve. Ved å gjere avhandlinga tilgjengeleg i BORA vil fleire få tilgang til å lese og gjere nytte av den i digital utgåve. For å sikre at alle avhandlingar på sikt blir tilgjengelege for allmenta, vil fakultetet legge inn i tilsetjingskontrakten til nye stipendiatar eit vilkår om plikt til tilgjengeliggjering i BORA dersom forlagsavtale ikkje er etablert innan ein viss tid.

I denne saka blir det framsett forslag om pliktmessig tilgjengeleggjering i BORA dersom det innan to år etter disputas ikkje føreligg nokon avtale med eit anerkjend forlag om publisering av avhandlinga.

### Om BORA

BORA (Bergen Open Research Archive) er Universitetet i Bergen sitt opne forskingsarkiv. Det kommuniserer direkte med Avhandlingsportalen der ph.d.-kandidatane leverer inn avhandlinga si. Ved innlevering svarer kandidaten «ja» eller «nei» til kor vidt avhandlingsmanuset kan importerast til BORA. Kandidaten avgjer sjølv kva tid dette eventuelt skal skje: Avhandlinga kan leggast ut på nett før disputas eller etter ein embargoperiode. Forslaget i denne saka vil innebere at det som hovudregel vil gjelde ein embargoperiode på 2 år for ph.d.-avhandlingar utarbeidd ved Det juridiske fakultet, med mindre kandidaten sjølv vel tidlegare offentleggjering i BORA.

Forfattar beheld opphavsretten, og har rett til å trekke tilbake sin doktorgradsavhandling frå BORA dersom hen ynskjer det. Kandidaten kan såleis kva tid som helst fjerne avhandlinga frå det offentlege vitenarkivet dersom det på eit seinare tidspunkt skulle vere aktuelt å gi ut manuset som bok gjennom eit forlag.

Forfattar av avhandlinga vel sjølv kva lisens hen ynskjer for digital tilgjengeleggjering, og om hen vil legge ut heile eller deler av avhandlinga. Universitetsbiblioteket klarerer rettigheter for artiklar i artikkelsbaserte avhandlingar før desse blir lagt ut i BORA, men forfattaren har sjølv ansvar for å innhente løyve til digital tilgjengeleggjering av verk skapt av tredjepart som er brukt i avhandlinga (illustrasjonar, grafar, biletar og liknande).

## Lisensar

Kva lisens forfattar vel regulerer korleis avhandlinga kan nyttast i digital utgåve. Lisensen ein vel gjeld ikkje for publiserte artiklar i avhandlinga.

Ein har følgande val innan lisensar for tilgjengeleggjering i BORA:

- Alle rettigheter behaldast ([InCopyright](#)): Arbeidet kan nyttast innanfor dei rammer som [lov om opphavsrett til åndsverk](#) gir. Verket kan nyttast, visast til, lenkast til, siterast frå, skrivast ut og lastast ned. Brukarar må kreditere korrekt.
- Ikkje-kommersiell bruk og ingen bearbeiding ([CC-BY-NC-ND](#)): Arbeidet kan delast dersom det krediterast korrekt og ikkje nyttast til kommersielle formål. Arbeidet kan ikkje bearbeidast.
- Ingen bearbeiding ([CC-BY-ND](#)): Arbeidet kan delast dersom det krediterast korrekt. Arbeidet kan ikkje bearbeidast.
- Ikkje-kommersiell bruk ([CC-BY-NC](#)): Verket kan delast, endrast og omarbeidast så lenge det krediterast korrekt og ikkje nyttast til kommersielle formål.
- Fri bruk ([CC-BY](#)): Verket kan delast, endrast og bearbeidast så lenge det krediterast korrekt.

(Les meir om [Creative Commons](#)-lisensar mm. på Universitetsbiblioteket sine nettsider.)

For monografiar frå Det juridiske fakultet vil val av lisens der alle rettigheter behaldast (InCopyright) vere det naturlege valet.

## Avhandlingar som ikkje er i BORA - Nasjonalbibliotekordninga

Alle doktorgradsavhandlingar i Noreg vert arkivert og gjort digitalt tilgjengelege i begrensa omfang i Nasjonalbiblioteket sine digitale samlingar. Denne tilgangen har heimel i [Åndsverkloven](#) og gjeld for alt allment tilgjengeleg materiale i Noreg. Alle vitskapleg tilsette i norsk universitets- og høgskolesektor kan i Nasjonalbibliotekets samling få tilgang til avhandlinga ved å logge seg inn med Feide, og fire samtidige brukarar vil ha tilgang til ein særskilt publikasjon. Alle andre må søke om tilgang til Nasjonalbiblioteket sine digitale samlingar for 8 timer om gongen, via sitt folke- eller fagbibliotek. To slike brukarar vil kunne ha tilgang til ein særskilt publikasjon samstundes. Tilgangen til Nasjonalbibliotekets pliktavleverte materiale er berre for forskings- og dokumentasjonsformål, og brukarane kan ikkje ta digital kopi.

Interesserte leسارar som ikkje er vitskapeleg tilsette ved norske universitet eller høgskular vil i praksis måtte søke om digital lesertilgang i 8 timer om gongen. Då

doktorgradsavhandlingane ved fakultetet gjerne er på mellom 300 – 600 sider vil det krevje ei mengd slike søknader om tilgang om ein skal studere heile tekstmaterialet.

I tillegg til den digitale utgåva til Nasjonalbiblioteket har biblioteket ved Det juridiske fakultet to fysiske utgåver av alle avhandlingar som er fullførte ved fakultetet. Desse er tilgjengelege for ordinært utlån ved biblioteket innanfor opningstidene til biblioteket.

### **Utvikling i synet på tilgjengeleggjering av offentleg finansiert forsking**

Utviklinga i samfunnet er at det stillast høgare krav til offentleg tilgjengeleggjering av forsking finansiert av offentlege middel. I 2018 lanserte Forskningsrådet saman med EU-kommisjonen og det europeiske forskningsrådet ERC Plan S med krav om at alle publikasjonar med støtte frå desse finansiørane skulle ha open tilgang frå 2020. Stipendiatar som er tilsett for å gjennomføre eksterntfinansierte prosjekt frå slike finansiørar er altså allereie pålagt open publisering.

Prosjekt som er finansiert av universitetet sine løyvingar frå staten er også blitt til av offentlege middel. Ordninga til Nasjonalbiblioteket framstår i lys av Plan S som ein lite tilfredsstillande måte for allmenta å få innsikt i kva det offentlege har finansiert.

Sidan mange rettsvitksapelege avhandlingar er attraktive for nasjonale eller internasjonale forlag, og får større merksemeld i fagfeltet når dei blir publisert slik, bør det likevel leggjast til rette for at dette skal vere mogleg. Dette talar for ein standard embargo for avhandlingar frå Det juridiske fakultet som ikkje allereie er bunde av krav til open publisering. Lengda for ein slik embargo bør ikkje vere for knapp. Det kan ta noko tid å få på plass ein avtale med forlag. Ettersom tida går må ein rekne med at teksten må oppdaterast og bearbeidast før utgjeving i bokform. Jo lengre tid som går, jo større sjanse er det dermed for at boka vil ha nyheitsverdi og vere verdt utgjeving uavhengig av om avhandlinga er tilgjengeleggjort i BORA etter disputas. Eit standardvilkår om at det ikkje kan krevjast ein embargo på meir enn 2 år før tilgjengeleggjering i BORA balanserer desse omsyna.

### **Vedtak frå FU 24.10.23:**

*Forskningsutvalet tilrår at det i tilsetjingskontrakten for ph.d.-stillingar ved fakultetet vert lagt inn eit vilkår om at ph.d.-avhandlinga gjerast ope tilgjengeleg i BORA med mindre det innan 2 år etter disputas er inngått avtale om anna offentleggjering med eit anerkjent norsk eller internasjonalt forlag.*

### **Merknadar frå dekan og fakultetsdirektør**

Dekan og fakultetsdirektør sluttar seg til tilrådinga frå FU. Under møtet i FU vart det diskutert om fakultetet også burde ta inn reglar om kor lenge avhandlinga skulle vere ope tilgjengeleg. Det er vanskeleg å seie om nokre vil velje å trekke samtykke attende. Likevel kan det vere tenleg å ha ein regel, som kan endrast når fakultetet har fått meir erfaring.

På bakgrunn av dette vert følgjande

**forslag til vedtak lagt fram**

*Det blir i tilsetjingskontrakten for ph.d.-stillingar ved fakultetet lagt inn eit vilkår om at ph.d.-avhandlinga skal gjerast ope tilgjengeleg i BORA med mindre det innan 2 år etter disputas er inngått avtale om anna offentleggjering med eit anerkjent norsk eller internasjonalt forlag. Avhandlinga skal vere ope tilgjengeleg i minst seks månadar.*

Karl Harald Søvig

Dekan

Øystein L. Iversen

Fakultetsdirektør

26.10.2023

KARAKS